



Tor Vidar Sæle har fått toppjobb på Flesland.(Foto: Ola Matti Mathisen)

Tor Vidar Sæle er tilsett som operativ sjef ved Flesland flyplass, og han søker derfor permisjon som dagleg leiar ved Kvinnherad Vekstbedrift AS. Sæle fekk jobben i konkurranse med 80 søkjarar, og etter å ha sendt søknad og CV, har han vore gjennom intervju og ei rad ulike testar før han vart tilsett i denne toppjobben.

Som operativ sjef vert Sæle nestkommanderande på Flesland flyplass underlagt lufthamnsjefen. Han får eit stort ansvarsområde med ansvar for alt som skjer på terminalen, for vaktordningar, brannvern og drift av heile anlegget. Han vert kort sagt sjef over alt det operative som skjer.

Sæle får såkalla fri arbeidstid. Han kan såleis til ein viss grad styre arbeidstida sjølv berre jobben vert gjort. Planen er at han kjem til å dagpendle med båten, men vil til tider overnatte når behovet er der.

Det er ein stor og utfordrande jobb som ventar han, og han får mange tilsette under seg.

Av: Thor Inge Døssland.